



Fra venstre: Torill E. Wistner, Johann Belsvik og Inger K. Valle

NYHETSBREV 1/19

Dette er det fjerde nyhetsbrevet fra Torborg Nedreaas-selskapet, og det første av to nyhetsbrev i 2019. Vi kan melde om stor aktivitet og nye planer.

Som ivrige leserne av nyhetsbrevene sikkert har fått med seg, har selskapet lenge jobbet for at det skal settes opp et minnesmerke over Nedreaas på en sentral plass i Bergen. Vi har jobbet mye med å få oversikt over hva som må gjøres for å få det til, og med å oppsøke personer som både kan hjelpe oss i prosessen og som kan bidra med framdrift i saken. I det arbeidet har vi møtt mange positivt innstilte personer som har hjulpet oss mye, men vi har også stanget litt inn i byråkratiske veggger.

Det er mange som er bestyrket over at kjønnsrepresentasjonen i statuemylderet i Bergen er så himmelropende skeivfordelt. Blant dem er SV-politikeren Oddny Irene Miljeteig, som er en av dem vi har hatt kontakt med i denne saken. Det har fått henne til å reise et privat forslag til Bergen bystyre om en plan for å rette opp i skeivheten. Kort fortalt har Bergen bystyre nå derfor bestemt at det annethvert år i en tiårsperiode skal reises et minnesmerke i byen over en kvinne med tilknytning til byen som fortjener å bli hedret på denne måten. Det er ikke bestemt at det skal komme en statue eller lignende av Nedreaas ennå, men hennes navn er et av dem som oftest trekkes fram i debatten rundt minnesmerkesatsingen i byen.

Tre utsendte fra Nedreaas-selskapet har vært på Stord og Bømlo, og sett på hus som Nedreaas har bodd i, viser hun har skrevet i og gruve-samfunnet på Litlabø som inspirerte miljøet i *Av måneskinn gror det ingen-ting*. Ikke minst fikk vi snakke med Johann Belsvik, som var en del av Nedreaas' omgangskrets under krigen. Det var et inspirerende møte, som fikk oss til å bestemme oss for å lage et Nedreaas-arrangement på øyen til høsten (legg merke til denne datoene og flere andre begivenheter i Nedreaas-kalenderen lengre ned i nyhetsbrevet).

Torill E. Wistner og Grethe Fatima Syéd fra Torborg Nedreaas-selskapet holdt litterær lunsj på Fana bibliotek i februar med fullt hus og over hundre fremmøtte en onsdag formiddag. Det må da være bortimot rekord! Det var et stort engasjement med spørsmål og kommentarer, og vi fikk flere navn på medlemslisten vår denne dagen. Hvis du gikk glipp av denne lunsjen – ikke fortvil! Det blir ny litterær lunsj om Torborg Nedreaas ved Torill og Grethe på hovedbiblioteket 5. september.

Vi har jobbet aktivt siden sist både med å verve nye medlemmer og med å bringe sårt trenzte midler inn i kassen. På begge fronter har vi hatt litt mer enn betinget suksess. Medlemstallet har nå økt til nesten 230 medlemmer. Det syns vi er bra, men det er selvsagt plass til ubegrenset mange flere. Vi har styremedlemmer som jobber mye med å søke økonomisk støtte fra ulike velmenende aktører. Søknadsskriving er et møysommelig arbeid, som må gjøres skikkelig og innenfor frister og i tråd med statutter det ikke alltid er så lett å få oversikt over. Ofte er svaret på søkerne nei, men ikke alltid. Nå har vi nettopp mottatt støtte fra Bergen kommune, noe som letter arbeidet vårt, og som vi selvsagt er svært fornøyde med.

Torsdag 9. mai deltok Einar Økland på en boklansering i forbindelse med nyutgivelsen av to Georg Johannesen-bøker. På spørsmål om når han leste debutromanen til Johannesen, om det var da den kom ut, svarte han at nei han leste den nok litt senere, etter at han var blitt oppmerksom på Johannesen gjennom lyrikken hans. Så la han til at han leste Torborg Nedreaas, og det var den eneste forfatteren han nevnte. Det er nettopp Einar Økland som skriver om «min Nedreaas» i dette nyhetsbrevet.

MIN NEDREAAS: EINAR ØKLAND

«*Min Nedreaas*» er en fast spalte i nyhetsbrevet, der inviterte gjester skriver om sitt forhold til Torborg Nedreaas og hennes forfatterskap. Gjest i dette nyhetsbrevet er Einar Økland:

«Første møte med Torborg Nedreaas»

(Mellom før og etter)

I 1966, på Den norske Forfatterforenings julefest for medlemar med eventuelle partnarar – eg hadde aldri vore i den foreningen før - blei eg uventa tilsnakka og heftig klemd av ei vital dame eg aldri hadde møtt før: Torborg Nedreaas. Kona mi sat attmed meg, lett gravid med vårt første barn. Eg var då 26 og Torborg Nedreaas var 60 år. Ho var like gammal som mor mi. Det var absolutt ho som møtte meg, og ikkje omvendt, for eg var blyg og forskrekka og møtte ingen viss eg kunne unngå det. Utan at dette gjorde noko frå eller til for henne. I dag, meir enn eit halvt århundre etterpå, innser eg, at sjølv om dette var mitt første «fysiske» møte med Torborg Nedreaas, hadde eg hatt andre møte med henne fleire år «i forkant» av denne festkvelden. Då eg som tenåring var hybelbuar og gymnasiast på Jæren, lånte eg nemleg dei tidlege bøkene hennar på det vesle lokale folkebiblioteket på Bryne. Dessutan høyrdie eg hennar vitale monologar i radio. Via slik mediekontakt tykte eg at eg kjende henne godt. Frå 1957–59 var ho innskriven som ei stjerne på min litterære nathimmel. I dei etterfølgjande åra levde eg som studerande fotgjengar i Oslo sentrum og blei straks ein gjengangar og omstreifar i Deichmans hovudbibliotek. I tillegg til å låne hennar bøker der, byrja eg kjøpe dei i byens herlege antikvariat. Det siste førte med seg eg også blei kjend med hennar mange bidrag i julehefte, vekeblad, tidsskrift, og antologiar.

Omvendt møtte eg henne rikeleg «i etterkant» av omfamninga på julefesten. Heilt utan forstyrrende innblanding frå Nedreaas sjølv møtte eg henne på ein annan måte: Via hennar fleirfaldige «sosiale avtrykk» i eit lite lokalsamfunn. Dette hadde seg slik: I 1974 flytta eg til Stord og budde der til 1985. I desse elleve åra traff eg ulike personar som hadde vore i lag med Torborg Nedreaas i fleire samanhengar dei åra (ca. 1938–47) «før mi tid» då ho budde på Stord som nyskild mor, flyktning frå Bergen og ukonvensjonell skrivande kvinne. Med lett forskrekka beundring fortalte mine kontaktar på Stord historier om den flotte kvinnen som hadde lite pengar, gjekk barbeint, røykte på gata, handla fisk, var attraktiv for fleire barske manfolk og elles politisk radikal. Det kulminerte med at ein gammal heiderskommunist, som hadde overlevd krigen i tysk konsentrasjonsleir og sidan sete i Stord kommunestyre fleire år, gav meg eit komplett sett av den lokale avis, *Sunnhordland Arbeiderblad*, der han og ho hadde sete saman i redaksjonen i etterkrigsåra. Etter at Torborg Nedreaas vel var feira som 75-åring i hovudstaden, kom ho attende til Stord, der gamle venner og nye laga ei ny jublante feiring til ære for henne. Eg var forhindra i å

delta, for eg var bortlova og bortreist til eit internasjonal poet-treff i Beograd. Eg fekk berre høre kva andre fortalte om Nedreaas-feiringa på Stord. Alle var begeistra. Ikkje minst kona mi, som i mange år hadde lese Nedreaas – og som norsklærar nytta hennar tekster i undervisinga.

Men på det første og kroppslege møtet vårt i 1966, kva snakka ho om der? Jo, ho gjekk rett på noko eg nyss hadde skrive: Det var ein større omtale av hennar nyaste bok, *Noveller i utvalg*, som Aschehoug hadde gitt ut i høve at ho fylte 60 år denne hausten. Ho hadde aldri blitt lesen slik før. Eller omtala slik før. For henne var dette med min artikkel så uventa stort og herleg, at eg knapt forstod det.

For meg var artikkelen komen i stand slik: Hausten 1966 ønskte redaktør John Sannes i tidsskriftet *Samtiden* å vite litt meir om «dagens unge». Han inviterte difor to lattermilde representantar frå redaksjonen i bladet *Profil* – bymannen Espen Haavardsholm og bygdegutten Einar Økland – til ein kveldsmiddag i restaurant Larsen på Majorstua. Unge Økland som aldri før hadde vore gjest på ein fin, gammal, innrøykt restaurant, såg snittet til å bestille «krabbe». Fatalt. For ein må vere finmekanikar for å takle ein krabbekonstruksjon utan söl på bordduken. Nesten uhøfleg mot verten, og i alle høve med eit nesten gammalmodig kulturansvar, ytra krabbe-fordrivaren at tidsskrift-eigaren Aschehoug burde ha gjort meir for å vise kven forlagets jubilerande diktar, Nedreaas, var. Då hogg Sannes til og sa eg måtte så gjerne skrive i *Samtiden* om jubilantens nyss utkomne boka *Noveller i utvalg*. Det var kort tid å gjere det på, men ok, eg svara ja. Og så galdt det å finne ut korleis. Eg hadde aldri gjort slikt før. Artikkelen kom på trykk i *Samtiden* nr. 9. Eg fekk 25 særtrykk av artikkelen. Med eige omslag. Slik gjorde somme tidsskrift den gong.

Eg minnest ikkje at eg nokon gong har fått andre reaksjonar på den artikkelen enn klemmen frå Torborg Nedreaas, her den kvelden vi møttest. Pluss alt ho sa. For ho snakka mykje om dette. Ho insisterte på at både kona mi og eg måtte kome og besøke henne på heime på Nesodden. Eg visste ikkje at ein kunne vere så underernært på forståing når ein var så tilårskommen og suveren som ho var. Og så snakka ho brått om ein flott son ho hadde, ein ung mann som var skadd i motorsykkelulykke og nå låg som invalid i ei seng. Einast hovudet og forstanden var uskadd. Ho slo brått om til å snakke om kollega Johan Borgen, som sat ved eit bord i nærleiken. Han hadde også, som mange visste, ein flott son som var skadd ved eit uhell. Men å sjå til fysisk var denne sonen den same som før ulykka. Einast i hovudet var han forandra og ikkje lenger «normal». Svære katastrofar for diktarane Borgen og Nedreaas. Ho svelgte og vedgjekk ho likevel kjende seg heldig jamfört med Borgen.

Det var ein skakande festprat. Eg trur ikkje vi to som venta vårt første, og jamvel hadde det med på festen, hadde overskot til å fantasere om slike hendingar i vår eiga framtid.

Men Torborg Nedreaas ville jo danse med deg! hugsar kona mi. Sikkert, seier eg. Men det hugsar eg ikkje i dag. Derimot hugsar eg at vi møttest nokre år seinare. Atter under ei kveldssamkomme i regi av Den norske Forfatterforening. Brått stod ho der og snakka til meg på golvet mellom borda. Ho hadde nesten ikkje pust nok til å fullføre setningane sine. Ho var innlagd som pasient på Rikshospitalet. Der skulle ho vore i senga si nå, men ho hadde lurt seg ut. Flykta! sa ho. For å vere her i forfattarlaget i kveld. Ho vedgjekk at ho var alvorleg sjuk. Då tilbydde eg meg spontant å følgje henne attende til hospitalet når som helst ho måtte ønskje det. Ho lo av seg sjølv og var nærmast likesæl. Kanskje ørlite kry: Ho skulle klare seg. Korleis ho ordna seg med dette, har eg aldri visst.

- Einar Økland

(Den omtalte artikkelen står på s. 32–37 i artikkelsamlinga: Einar Økland: *Skrivefrukter*. Gyldendal 1979)

NEDREAAS-KALENDEREN

Sommer og høst 2019

Styremedlem i Torborg Nedreaas-selskapet, Grethe Fatima Syéd gir ut bok om Nedreaas! *En sommer med Nedreaas* lanseres i [Bergen 20. mai](#) og i [Oslo 22. mai](#) (lenker til Facebook-arrangement). Alle er velkomne hit, og hold øynene åpne for lansering av boken andre steder i landet.

Denne boken blir del av en serie svært populære bøker som har sitt utspring i Frankrike, der en rekke radiokåserier om forfattere som Proust og Montaigne av kjente navn som blant andre Antoine Compagnon og Julia Kristeva, ble samlet i bokform og lansert som sommerlektyre.

13.-14. juni arrangerer vi i samarbeid med Høgskolen i Volda, et akademisk Nedreaas-seminar i Volda. Det har fått tittelen «Politikk, kunst og kjærighet. Nye perspektiver på Torborg Nedreaas’ forfatterskap». Her vil en rad fortrinnsvis yngre litteraturforskere ta for seg ulike sider av Nedreaas’ dikting. Bidragsytere er Irene Iversen, Kjersti Aarstein, Elin Stengrundet, Oda Slotnes, Madelen Brovold, Ingrid Nestås Mathisen, Synnøve Lindtner og Morten Auklend. Vi hadde et tilsvarende seminar i Bergen høsten 2018, og planen er at innleggene fra de to seminarene skal gis ut i en antologi en gang i nokså nær framtid.

Arrangementet avsluttes med en åpen seanse i biblioteket på Høgskolen i Volda, der Irene Iversen og Jan Inge Sørbø snakker sammen om forfatterne Nedreaas og Marie Takvam.

5. september blir det litterær lunsj om Torborg Nedreaas på Hovedbiblioteket, Bergen offentlige bibliotek.

3. oktober går Nedreaas-dagen av stabelen på Stord.

13. november markeres Nedreaas’ fødselsdag på Litteraturhuset i Bergen.

VISSTE DU AT ...

Nedreaas skulle ha vært den første til å bekle det ærefulle vervet som Festspilldikter under Festspillene i Bergen? Det var Elisabeth Armand, drivende kraft i Norsk forfattersentrums Vestlandet, som kom med forslaget. Nedreaas selv var smigret og glad, men dessverre også gammel og syk, og ikke i stand til å ta oppdraget på seg. Hun døde like etter at de 35. Festspillene var over, 30/6-87, og det var ikke før året etter at Olav H. Hauge fikk motta gunstbevisningen og bli den første hovedpersonen for De litterære festspill.

STØTT SELSKAPET

Legg inn en bestilling på vårt stilige tøynett (100,-) og pocketutgaven av *Av måneskin gror det ingenting* (100,-) hos nettbutikk.torborgnedreaas@gmail.com. Porto kommer i tillegg ved postsending.

[Bli grasrotgiver](#) – støtt Torborg Nedreaas-selskapet hver gang du tipper hos Norsk tipping.

Vi tar gjerne imot pengegaver til konto: 3208 25 40384 eller Vipps # 530035



FÅ MER OM TORBORG NEDREAAS



torborgnedreaas.no



til@torborgnedreaas.no



facebook.com/torborgnedreaas

Torborg Nedreaas-selskapets logo er laget av Katarzyna Roman, katarzynarmn@gmail.com